

BLINDSONE

av Mine Nilay Yalcin, Jahanger Ali og Samir Madad.

Til nynorsk ved Guro Kristin Gjøsdal.

Basert på boka *Eit anna blikk* av Erlend Skjetne.

Karakterar:

Anwar

Walid

Kommentar til lesaren: Dei to rollene i manuset, Anwar og Walid, må vere afghanarar. Anwar og Walid kommenterer på sine språk til kvarandre gjennom framsyninga.

Urframføring 8. desember 2023 på Seljord skule

I rollene:

Samir Madad som Anwar Hosseini

Jahanger Ali som Walid Azimi

SCENE 1

To krakkar.

To mikrofonar.

Ein stabel med boka «Eit anna blikk» (alle bøkene er like).

På golvet er det eit rom forma som ein firkant med teip eller ei matte.

Når publikum kjem inn, ser dei to gutar som bevegar seg underleg i det vesle rommet.

Publikum sit rundt.

BROT 1

(I mikrofonen.)

Walid:

Eg har aldri trudd på grenser. Vi blir alle fødde inn i denne verda, vi har vår tid her. Ho er lånt. Eg brukar mi tid her, akkurat som du brukar di. Vi er fødde inn i denne verda. Vi skal også forlate ho. Tida vår her er til låns. Men ho er vår medan vi har ho.

Anwar:

Likevel eig nokon meir av verda enn andre – dei et av andre si tid – dei tek opp plass – dei kjøper og et seg inn i våre felles gode – gir vidare til sine egne. Og så skriv dei historia på nytt – så vi alle gløymer at vi eigentleg har rett til vår plass her på jorda.

TID

Anwar:

Vi startar her.

På slutten.

På slutten av byrjinga. Eller kanskje på byrjinga av byrjinga.

Eller på byrjinga av slutten. Det er ikkje godt å seie.

Walid:

Kva snakkar du om?

Anwar:

På slutten av livet, eller på starten av livet.

På slutten av boka, eller på starten av framsyninga.

Det spørst berre korleis ein vel å sjå på det, ikkje sant?

Walid:

Eg skjønner ikkje kva du snakkar om.

Anwar:

Korleis ein vel å fortelje historia.
Historia om papiret.

(Stille. Walid ser på Anwar.)

Anwar:

Dette er eit papir.

Walid:

Ja, det veit eg.

Anwar:

Det ser ut som eit heilt typisk A4-papir som du har kjøpt billeg på Clas Ohlson eller på Biltema.
Heilt vanleg. 79,90 (syttini nitti) for 500 ark, ikkje sant?

Walid:

Ja, akkurat.

Anwar:

Er dokker einige? *(Ser mot publikum, spør dei.)*

(Publikum reagerer.)

Anwar:

Det er jo først når ein opnar arket, at arket får verdi, ikkje sant?
Når det forvandlar seg frå å vere eit Clas Ohlson-skitpapir, bleikt med giftig bleikjemiddel for å
sjå fint ut, til å bli noko heilt anna.
Noko du kan ramme inn. Selje. Hengje på veggen.
Noko som betyr forskjellen på liv og død.
Her og no.
Der og då.
Starten og slutten.
Slutten og starten.
Sjølv om du kanskje ikkje var klar for at verken starten eller slutten skulle komme.
Forstår du?

(Walid ser usikker ut.)

Anwar: *(Viser papiret og spør publikum.)*

Veit dokker kva dette er?

(Anwar opnar opp brevet og spør om nokon i publikum kan lese det.)

Vedtak – svar på behandling av søknad om beskyttelse Navn: Anwar Hosseini Statsborgerskap: - Fødeland: Afghanistan Oppsummering av vedtaket Utlendingsdirektoratet (UDI) avslår søknaden din om beskyttelse (se utlendingsloven § 28 annet ledd). Det betyr at - du ikke har rett til beskyttelse i Norge - du ikke får oppholdstillatelse i Norge - du må forlate Norge innen den fristen som står i brevet som følger dette vedtaket	Vedtak – svar på behandling av søknad om vern Navn: Anwar Hosseini Statsborgarskap: - Fødeland: Afghanistan Oppsummering av vedtaket Utlendingsdirektoratet (UDI) avslår søknaden din om vern (sjå utlendingslova § 28 andre ledd). Det betyr at - du ikkje har rett til vern i Noreg - du ikkje får opphaldsløyve i Noreg - du må forlate Noreg innan den fristen som står i brevet som følgjer dette vedtaket
--	---

*(Walid står stille. Ser på Anwar.
Trekker eit ark forsiktig opp av jakkelomma.)*

Walid:
Eg har også fått eit.

Anwar:
Eg veit det.

Walid:
Skal eg ikkje lese for deg kva som står i brevet?

Anwar:
Det går bra. Eg veit kva som står der.

Og no skal vi fortelje den historia.
Historia om papira. Ditt og mitt papir.

TID

Walid og Anwar:

mørkt inne, men lyst ute
tankene flyr med i nimbuser
du må se hele mosaikkgulvet
historien looper i sykluser

vet du hva jeg tenker på?
hva om dem ikke velger oss?
hvor blir d av stemmen vår?
bruker meg som stepping stone

integritet, hvem sier hva, hvem styrer narrativet, narrativet
d r identitet, ensidig sak, får meg på alle fire, alle fire

vet du hva jeg tenker på?
hva om dem ikke velger oss?
hvor blir d av stemmen vår?
bruker meg som stepping stone

lyst inne, men mørkt ute
Prøver å finne dagslyset
Vender meg i fra graven
Hva vil narrativet medbringe

vet du hva jeg tenker på?
hva om dem ikke velger oss?
hvor blir d av stemmen vår?
bruker meg som stepping stone

Bør gi dem et slag, gjøre ryggen din rak, retter på karakteren, karakteren,
Min den blir gal, maler den svart, river ut øya mine, øya mine

vet du hva jeg tenker på?
hva om dem ikke velger oss?
hvor blir d av stemmen vår?
bruker meg som stepping stone

TID

SCENE: FØRSTE MØTET

Skift – Anwar sit på krakken til venstre. Han les ei bok. Han høyrer noko, ein ball dunkar i bakken. Han tittar ut og ser Walid komme gåande med ein sekk.

Anwar: Eg ser han føre meg no. Første gongen eg trefte han: Eg sit på rommet på mottaket. Det snør så vidt. Han dreg ei hand gjennom det svarte håret. I det same gløttar han opp på meg. Smiler fort, før han løftar ein liten ryggsekk ut av bagasjerommet. Har han reist så lett, må han vere ein av oss.

Eg hadde vore her ei stund. Eit par månader, kanskje, før han kom. Det var noko med han, han bar noko eige.

Han skulle dele rom med meg.

(Walid seier først ingenting.)

Anwar:

Name man Anwar ast.

Walid:

Name man Walid ast.

(Stille. Walid ser seg rundt – usikker på kvar han skal gjere av seg.)

Anwar (mot oss):

Han var kjekk, men hadde eit djevelsk blikk. Det var tydeleg frå starten av at vi egentleg ikkje hadde noko til felles. Vi sleit med å prate med kvarandre.

Anwar:

(på dari:) Velkommen, senga der er di.

Walid:

(på hazargi:) Ok. Takk.

(Stille.)

Anwar:

Nettopp kommen?

Walid:

Eg vil ha sykkelen min.

Anwar:

Sykkelen din?

Walid:

Ja, eg kom på sykkel.

Han er min.

Dei tok han frå meg

Og no får eg han ikkje.

Eg kjøpte han.

Det er tjuveri.

Anwar:

Du kjem ikkje til å få sykkelen din tilbake. Russiske sykklar er ulovlege i Noreg fordi dei ikkje har frambremse.

Kan du sjå sykkeltårnet på utsida?

Walid:

Ja ...

Anwar:

Det er sykklar som den norske staten har teke frå alle som har komme syklande over grensa.

Mange er heilt nye. Berre ligg der.

Walid:

(på hazargi:) Kva faen? Kven er så dumme?

Anwar:

Eg veit, det er skikkeleg idiotisk. Vi får bruke føtene.

Walid:

(på hazargi:) Det er jo fungerande sykklar! Eg kjøpte min heilt ny!

(Stille.)

Anwar:

Eg kan vise deg rundt om du vil.

Walid:

Tashakor.

TID

Anwar:

Han sa ikkje mykje til å byrje med. Men eg såg han var rastlaus. Ein villfaren. I byrjinga bad han. Han hadde Koranen tett ved seg heile tida. Og eg kunne sjå at det var eit fotografi inne i boka. Men han viste meg det ikkje. Nokre gongar såg eg at han ikkje las, berre stira med eit intenst blikk på fotografiet.

Det finst knapt betre stader å oppbevare eit fotografi på enn inne i ei bok. Det krøllar seg ikkje der. Det falmar ikkje. Det berre ligg der. I ro blant alle orda. Ein løyndom blant løyndommar.

TID

Walid:

Vi var to gutar på eit lite rom midt i eit ukjent landskap.

Anwar:

Finnmark på vinterstid.

Walid:

Som venta på framtida saman.

Anwar:

Som venta på starten.

Walid:

Eller på slutten, alt etter som.

Anwar:

Ja-et eller nei-et.

Walid:

Opphald eller avslag.

Anwar:

Bli, eller reise til det ukjente.

Walid:

På nytt.

Anwar:

På nytt.

TID
BROT 2

Anwar:

Framsyinga dokker no skal få sjå, er basert på ei bok. Det er ei sånn historie som du kanskje trur du har høyrte før, om flyktningar på eit mottak? Men det har du ikkje, denne er annleis. Men ja, ho startar med to mindreårige asylsøkjjarar frå Afghanistan som bur på eit mottak i Nord-Noreg.

Eg er ein av dei. Eg heiter Anwar Hosseini.

Eg blir spela av skodespelaren Samir, og det er hans stemme eg låner no. Han er også frå Afghanistan, men han bur i Oslo. I motsetnad til meg er han skodespelar, fotograf og ungdomsarbeidar.

Denne historia handlar om å vente. Om makt. Om misbruk. Om å ikkje ha rettar. Men dette narrativet er gammalt – vi held fram med å repetere historia om flyktningane som om dei er offer – vi snakkar for dei – dei snakkar ikkje for seg sjølv.

Men som vi veit: Den som skriv historia, bestemmer også sanninga.

TID

Walid:

Er du verkeleg nøydd til å ha alle desse bøkene her inne?

Anwar:

Eg likar å lese. Gjer ikkje du?

Walid:

Men dei tek opp all plassen.
Det er trangt nok her frå før.

Anwar:

Kva anna skal eg bruke tida til her inne?

Walid:

Treng ikkje vere inne, då.

Anwar:

Kva meiner du?

Walid:

Det er eit vindauge der.

Anwar:

Vi har innetid.

Walid:

Ikkje eg –
(Bråkar med ballen.)

Walid:

Eg er fri.
Kjem du?

Anwar:

Nei ... Eg vil berre lese.

Anwar:

Hei, hei! Kor skal du?
Du kan ikkje stikke av no!
Det er seint, vi har ikkje lov til å gå ut!

TID

BROT 3

Walid:

Tolmodet er overkommeleg når du veit at det ein dag endar.
Boka handlar om å vente. Å vente på opphald eller avslag.

Framsyninga vår handlar om å vente på kva tid narrativet om oss skal få endre seg.
Innan løva skriv si eiga historie, vil historia alltid glorifisere jegeren.

Så eg vil i det minste fortelje namnet mitt. Eg heiter Walid. Men eg blir spela av skodespelaren Jahanger. Jahanger betyr verdserobrar. Han har ei ganske anna historie enn meg. Men det er ikkje den historia dokker no skal få høyre.

TID

TID: venner

Anwar:

Det tok tid før vi blei ordentleg kjende.
Men gradvis blei ting lettare. Vi blei venner.

Walid:

Haha, du veit, kompis! Gi meg tre år, så finn du meg med min eigen butikk! Eg skal selje fotballutstyr og sportsklede, og sånne greier!

Anwar:

Sjølvsagt skal du det.

Walid:

Haha, ja! Og du skal bli lærar.

Anwar:

Forfattar!

Walid: Eller professor, eller noko sånt, ikkje sant?

Les heile tida.

Så dei ungdommane som du lærer matte og språk og slikt – dei skulkar dine timar for å komme og prøve fotballdrakter hos meg, ikkje sant?

Anwar:

Og du sender dei vel rett tilbake til skulen, kan eg tenkje meg?

SCENE: BRØD

(Walid og Anwar kjem med masse energi inn i rommet.)

Anwar:

Eg kan ikkje tru at du gjorde det!

Walid:

(Ler.) Det er lett. Dessutan, dersom du ikkje kan nokon triks, har du ikkje sjanse!

Anwar:

Eg hadde ikkje funne på det der sjølv.

Walid:

Du berre byter brødposar, det er ikkje så vanskeleg.

Anwar:

Men å byte om brødposane sånn at – akkurat det var smart! Bra brød til prisen av billegbrød – smart.

(Dei ler saman.)

TID: telefon

Walid: *(Snakkar i telefonen – på hazargi.)*

Eg har ikkje høyrte frå han. Rashid skulle dit. Han skulle sjekke, men eg har ikkje høyrte noko. Og Rashid svarar ikkje, skjønner? Du må få tak i Ali, eller få tak i nokon som er der. Du må hjelpe meg.

Anwar:

Kven snakkar du med?

Walid:

Ingen, det er ingenting.

TID: FLØRTING

Anwar:

Kva gjer du ute på kveldane, når du snik deg ut av vindaugget? Kor går du?

Walid:

Litt hit, litt dit.

Anwar:

Kor er du, egentleg? Eg hadde ikkje tort å bryte reglane slik som du.

(Stille.)

Anwar:

Heng du berre ute aleine om natta?

Walid:

Hugsar du ho jenta i kassa på butikken?

Anwar:

Ho som alltid jobbar laurdagar?

Walid:

Ho heiter Synnøve.

Anwar:

Kjenner du Synnøve?

Walid:

Synnøve.

Ho er fin.

Eg likar henne.

Eg trur ho likar meg òg ...

Anwar:

WALID ER FORELSKA! *(Leikeslåsting oppstår.)*

TID: TELEFON 2

*(Walid tekstar hurtig på telefonen sin.
Mumlar, er stressa.)*

Anwar:

Walid, kva skjer? Korleis går det? Kven snakkar du med?

Walid:

Ingen, det er ingenting.
Ikkje bry deg.

TID

BROT 4

Anwar:

Dei seier:

Ikkje døm boka ut frå framsida.

Men nokre gongar kan det vere vanskeleg å late vere.

Innan du opnar ei bok, får du vite ei historie.

Og før du opnar denne boka, får du vite om ein framgangsrik og prislønt forfattar!

Ein som har fått Brageprisen! Ein som har blitt nominert til kritikarprisen!

På framsida står det «forfattaren gir stemme til dei stemmelause».

Men eg er ikkje stemmelaus. Eg har berre ikkje fått moglegheita til å bruke mi eiga stemme.

Ho er gøymd under, bak, inni og rundt boka – i blindsonene til verda vår.

Og der historia vår stoppar, fortset historia til forfattaren – i bokmeldingar, på framsider og i prisar.

TID: LÆRE Å SLÅST

Anwar:

Han backa meg då eg trong det, han var rettferdig. Dei andre gutane på mottaket var ikkje kule med oss. Det var eit ganske hardt miljø, for å seie det mildt. Og Walid, han tok ikkje lett på folk som behandla meg dårleg.

Walid: *(frå utanfor ringen)*

Ja, du kan ikkje late dei andre gutane på mottaket disrespecte deg fordi du er hazara. Du må forsvare deg sjølv!

Anwar:

Eg veit ikkje korleis. Eg er ikkje like kjapp i replikken som deg.

Walid:

(på hazargi:) Kom ut, så skal eg lære deg å slåst!

Anwar:

Eg kan ikkje slåst, det veit du ...

(på dari:) Eg fekk alltid juling av brørne mine, orka ikkje å slåst tilbake.

Walid:

Kom ut, seier eg, du må lære å slåst!

Anwar:

Ser eg ut som ei slåstkjempe? Eg har balanse som ein struts og musklar som ein gullfisk! Eg vil ikkje!

Walid:

Heilt ærleg, eg forstår ikkje korleis du klarte å komme deg hit.

Anwar:

Ikkje eg heller, for å vere ærleg ...

Walid:

Høyr. Eg veit dei ikkje likar deg. Dei likar ikkje meg heller, men dei skal faen ikkje få øydeleggje oss. Forstår du? Dei er idiotar. Vi har like stor rett til å vere her som dei. Og rører dei maten vår ein gong til, så tek vi dei. Forstår du?

Anwar:

Korfor er vald alltid løysinga di?

Walid:

Fuck (fakk) deg 'a.

(Ler.)

Anwar:

Vi var heilt forskjellige – men det var likevel noko som batt oss saman – ei kjensle av å ikkje passe inn, ikkje høyre heime – kanskje ikkje nokon stad.

«Gul be khar nest»

Roser er ikkje utan tornar.

Walid. Han bar på historie.

Mykje historie. Og han klarte ikkje lese det vekk, slik som eg. Han klarte det ikkje.

(Beat – Walid legg frå seg ballen – startar å bevege seg rundt.)

Walid:

Trer nålen gjennom øyet Hver søm sydd med blod Stoffet fanget opp min aura Som hva faen er det du tror Mine bukser har jeg vasket Gått milevis i mine sko Skjorta sitter som kongen På en faens idiot Hvert skritt jeg tar er et steg mot balanse Jeg har arvet min jakke Har på fornuften som en kranse Tronen er skoa jeg går i med stolthet Ville du tatt dem på deg? Ville du følt mine sanser? Mine tanker ville blitt sydd i dine seanser Blottet deg for hva du vet Til hva det er å komme fra mine trakter Hvordan ville du gått Hvis du var meg Samme gange Ville du dratt din vei Tatt på deg ansvaret Vise hva du representerer Late som om du skjønner Som hva faen er det du mener Jeg trer nålen gjennom øyet Hver søm sydd med blod Så ta på mine sko Før du sier no	Trer nåla gjennom auget Kvar saum sydd med blod Stoffet fangar opp min aura Som kva faen er det du trur Mine bukser har eg vaska Gått milevis i mine sko Skjorta sit som kongen På ein faens idiot Kvart steg eg tek er eit steg mot balanse Eg har arva mi jakke Har på fornufta som ei kranse Trona er skoa eg går med i stoltheit Ville du teke dei på deg? Ville du følt mine sansar? Mine tankar ville blitt sydde i dine seansar Blotta deg frå kva du veit Til kva det er å komme frå mine trakter Korleis ville du gått Om du var meg? Same gangen Ville du drege din veg? Teke på deg ansvaret Vise kva du representerer Late som om du forstår Som kva faen er det du meiner Eg trer nåla gjennom auget Kvar saum er sydd med blod Så ta på mine sko Før du seier no'
--	--

TID**SCENE: VERJE****Anwar:**

Alle som budde på mottaket, hadde ein verje. Ein som hjelpte deg med forskjellige ting. I teorien eit godt system, men i praksis var det heilt uføreseieleg kven som fekk hjelp, og kven som ikkje fekk hjelp ...

Eg hadde ei som heitte Katrine. Ho var ok. Men alle gutane hadde ho, ho var overarbeidd.

Så då Walid skulle få verje, så fekk han ei ny ei.

Walid:

Eg likar ho ikkje.

Anwar:

Som heitte Hege.

Walid:

Ho var innpåsliten.

Anwar:

Veldig på ...

Walid:

For på ...

Anwar:

Du snakka aldri om ho.

Walid:

Og det skal vi ikkje no heller.

Anwar:

Ho var ikkje som Katrine, ho var meir sjenerøs.

Walid:

Korleis sjenerøs? Kva meiner du?

Anwar:

Du fekk jo klede og gåver og slikt av ho ... Jo ...

Walid:

(*på hazargi:*) Ho utnytta folk, ho var ikkje snill, ho var ei gammal ku.

Anwar:

Ho blei veldig oppteken av Walid. Ikkje som Katrine. Ho blei meir...

Walid:

Sånn som vaksne ikkje skal bli. Ikkje fortel dei meir.

(*på hazargi – trugande:*) Nokre ting fortel ein ikkje til folk, i alle fall ikkje dette.

Anwar:

Men eg er jo ... (forteljaren i stykket) ...

Walid:

Det er skam. Anwar! Forstår du ikkje?!

(Walid triksar med ballen mot veggen.)

Anwar:

Hei, ver forsiktig! Det er bøker frå biblioteket!
Kor skal du??? Walid??

Walid:

Eg drit i bøkene dine!

(Walid stikk ut av vindauget igjen.)

TID

Anwar:

Ein dag då eg kom inn på rommet, sat Hege og Walid på senga.
Akkurat idet eg kom inn, kunne eg sjå at ho brått trekte handa til seg.
Frå kor såg eg ikkje riktig.
Men den dagen hadde Walid eit blick eg ikkje kunne lese,
vi snakka aldri om det igjen.
Men eg forstod at Hege gjorde ting mot Walid som vaksne ikkje skal gjere.
Eg forstod også at sjølv dei sterkaste kan bli utnytta.
Det var derfor Walid fekk gåver, fordi Hege bad han om å gjere ting han eigentleg ikkje ville.
Men kven skulle han seie det til? Kven skulle hjelpe han?
Kven ville tru på han, i staden for på Hege?

(Walid legg på sprang – rundt og rundt sirkelen.)

Anwar: ASYL

Ordet asyl kjem frå det greske ordet *asylon*, som betyr fristad eller tilfluktsstad. Ein stad der du skal vere fri frå forfølgjing. Ein stad der du finn vern, tryggleik eller avkopling. Avkopling? Ro? Det kjennest ikkje trygt her. Det kjennest som å alltid stå på kanten av eit stup og aldri vite kva tid du skal falle.

(Anwar legg på sprang.)

TID: ISMAIL

(Walid står med ein mobiltelefon i handa, prøver å ringje. Anwar kjem inn.)

Anwar:

Kva skjer?

Walid:

Eg treng hjelp.

Anwar:

Fortell!

Walid:

Broren min ... Eg får ikkje tak i han. Eg finn han ikkje.

Anwar:

Du har aldri fortalt at du har ein bror.

Walid:

Vi reiste saman. Men vi mista kvarandre.

Men no har eg ikkje høyrte frå han på lenge.

(Walid tek ut eit fotografi og viser det til Anwar.)

Anwar:

Er det bror din?

Walid:

Ismail. Veslebror.

(Stille.)

Eg lovde mamma, eg lovde ho å ta vare på han.

(på hazargi:) Mamma kjem til å drepe meg.

Kva gjer eg no? Korleis finn eg han?

Anwar:

Kor såg du han sist?

Walid:

Plovdiv, Bulgaria.

Anwar:

Vi må gå til politiet.

Walid:

Nei. Ikkje politiet. Dei er ikkje pålitelege.

Eg stolar ikkje på dei.

Anwar:

Det er ingen andre som kan hjelpe oss.

Walid:

Eg veit kven politiet er!

Det var dei som drog Ismail frå meg i Bulgaria!

Dei var galne – vi var mange – dei drog oss i alle retningar!

Det blei kaos – og barn og vaksne gret!

(går over til hazargi:) Du anar ikkje! Det kan ikkje beskrivast.

Eg mista handa hans i folkemengda. Det gjekk så fort! Eitt blunk!

Eg snudde meg, men det var ti tusen ansikt, forstår du?

Og berre eitt sekund seinare var han vekk!

Det var først seinare eg forstod at han var i Plovdiv.

Men no har eg ikkje høyrte frå han på lenge.

Anwar:

Uniforma er idioten sin sjanse til å bli gud ...

Men vi må gå. Politiet her er kanskje dei einaste som kan hjelpe oss.

Vi må uansett melde han sakna.

Walid:

Sakna?

Anwar:

Ja, han er jo sakna – eller?

Walid:

Ja.

Eg stolar ikkje på politiet. Eg stolar på deg, Anwar.

Anwar:

Så vi gjekk. Vi gjekk ein av dei dagane då vi slutta tidleg på skulen.

TID

Walid:

(rantar på hazargi)

Anwar:

Den første vi møtte, var ikkje så hyggjeleg.

Walid:

Ho var ei hurpe!

Anwar:

Det var kanskje å ta i – men ho var smått ...

Walid:

Rasistisk!

Anwar:

Ho var ikkje ...

Walid:

Snill!

Anwar:

Ho hørde kanskje til den delen av befolkninga som trur ho er klokare enn deg, berre fordi ho snakkar sitt eige språk betre enn deg.

Men vi hadde flaks.

Det dukka opp ein mann med bart, som trass uniforma verka vennlegare enn den sivilkleddde kvinna vi først snakka med.

Walid:

Han var i det minste menneskeleg.

Anwar:

Han var hyggjeleg.

Walid:

Han kunne ha droppa barten! Den kledde han ikkje.

Anwar:

Noko meir?

Walid:

Nei.

Anwar:

Han tok oss imot.

Walid:

Spurde kva det gjaldt.

Anwar:

Og vi forklarte at det gjaldt Ismail Azimi, veslebror til Walid Azimi, som skulle meldast sakna.

Walid:

«Kor?» spurde han.

Anwar:

«Plovdiv, Bulgaria», svara Walid.

Og eg kunne sjå i auga hans at han straks mista håpet om å hjelpe oss.

Men han tok imot all informasjonen og sa han ville ta kontakt.

Walid:

Han tok det einaste bildet eg hadde av Ismail.

Anwar:

Og lovde å gi det tilbake.

Så gjekk vi.

TID

Anwar:

Eg tenkte på framtida.

Walid:

Korleis neste år kom til å sjå ut.

Anwar:

Om det var slik det kom til å bli.

Walid:

Om sola nokon gong kom til å kike fram igjen.

Anwar:

Om vi kom til å vere her.

Walid:

Om papira våre kom til å komme.

Anwar:

Om vi måtte reise.

Walid:

Om dei kom til å finne Ismail. Om dei kom til å finne Ismail! (*Ropar.*)

TID

Anwar:

Og frå no av byrja det å gå nedover.

Walid las ikkje i Koranen lenger, men stod ute og kasta ball i timevis.

Han var rastlaus og ukonsentrert.

Og nemnde eg Hege, fekk han brått svarte auge og ein energi eg ikkje klarte å definere.

Han var ofte ute heile natta.

Nokre netter sneik han seg inn – trudde ikkje eg skulle vakne,
men ein ting eg lærte på mottaket,
var at det er heilt umogleg å gråte lydlaust.

Walid (*Walid er inne. Samir beatboksar frå ute.*)

Sit på senga

Stirar på vegg

Dansar med slitasjen

Riv av bandasjen

Ser berre flammeregn

Når eg ligg og lukkar auga

Skot frå kalesja

Blod på trøya

Eg vaknar brått

Det er reint kaos

Kan ikkje lenger sove

Dei prøver å ta oss

Porselensdokka

Fanga i eit skrin

Du opnar opp lokket

Men det skjer ingenting

Stirar ut (av vindauget)

På den andre sida

Låser opp (vindauget)

Flyg gjennom tida

forbi elden

*frå senga
frå krigen
frå skjærselden*

Goli da jigarman lagid
Da garmi ma tabali milarzom
Surej de chima dagh da damagh tariq
Esteghan khon gosht Ashiq
Zade ma ma i le
Jurme asme zindagi
Mane ma dunya
Chimayim ma siya
Rohi man bala

*Stirar ut (av vindauget)
på den andre sida
Låser opp (vindauget)
Flyg gjennom tida
forbi elden
frå senga
frå krigen
frå skumringa*

TID

Walid:

Og så kom dei ...

Anwar:

Det var seint.

Walid:

Dei var to, éin i uniform og éin utan.

Anwar:

Dei spurde etter Walid.

Walid:

Eg skulle ønskje det kunne forsvinne.

Anwar:

Eg kjem aldri til å gløyme det.
Dei spurde om dei kunne vere aleine med Walid.
Walid sa eg skulle bli.

Walid:

Så drog dei opp eit bilde av ei mappe.

Anwar:

«Kan dette vere bror din, Ismail Azimi?»

Walid:

Det var bror min – Ismail Azimi – på bildet.

Anwar:

Han forstod det med ein gong.

Walid:

Dei færraste har lukka auge på bilde. Han var borte, for godt.

Anwar:

Dei gav Walid tilbake hans eige bilde av Ismail, eit bilde der han smilte.
Og så gjekk dei.
Og så slutta Walid å prate. Han sa ikkje noko på vekevis.

TID

Anwar

*Om eg sovnar for siste gong
vaknar blomar og opptrer min siste
song
Eg høyrer at freden kjem til dei som
håpar
Så den vesle kidden i meg ville finne meg
Og halde meg i handa
Men om eg sovnar for siste gong
Då vil døden ha sin eigen kur
Funne livet, hoppa ut av seg sjølv som ein kenguru
Og nåden vil møtast i midten som om det
var ei seppuku
Eg berre tenkjer ut*

*Om eg sovnar for siste gong
Eg veit ikkje om eg får himmel, glede, ha alt
eller frykt, helvete, faens brann
Men for å vere ærleg, eg vil det heller svartmåla
Og å ha ingen fleire ansvar*

*Til deg som søv i ein dyster affære
Smerta du ber, er like tung som styrken og æra
Så kva har du lyst til å vere?
Ein ung mann eller eit vakse barn
Lat meg halde hardt
På alle demonane som er rundt deg og
overalt*

Anwar:

Og ei natt kom han ikkje heim i det heile.
Då klokka blei 02.00, gjekk eg til ein vaksen og sa frå.
Vi køyrde rundt og leita etter han om natta.
Det var kaldt. Iskaldt.
Vi fann han gåande langs vegen, i T-skjorte og småsko.
Han var blå på leppene.
Da vi tok på han, såg han på oss med eit dødt blikk.
Den vaksne sa: «Vi må køyre han til sjukehuset.»
Så vi gjorde det.
Eg såg han ikkje på vekevis.

TID

Anwar:

Og då han kom tilbake, var han ikkje den same.

Walid:

Dei gav meg piller
som sløva meg ned.
Eg følte meg apatisk.
Nomen.
Kjenslelaus.
Eg veit ikkje kva eg sa, eg hugsar ikkje i det heile teke.

Anwar:

Korleis skal du krabbe opp av det mørke hòlet her, tenkte eg.
Walid, korleis?

TID

Walid:

Og ei natt vakna vi.

Fleire ungdommar på utsida.
Kasta stein på vindauget!
Det var Synnøve og vennene.

Anwar:

Og så ropte dei:

Walid:

Hege!

Anwar:

Walid fraus til, ansiktet døydde,
og Synnøve ropte:

Walid:

Vi veit om deg og Hege! Æsj, med ho gamle dama!
Vi veit om deg og Hege! Æsj, med ho gamle dama!
Vi veit om deg og Hege! Æsj, med ho gamle dama!

TID

Anwar:

Og så byrja han å spytte pillene ut av vindauget då ingen såg det.

Walid:

Men eg trengte å få meg sjølv tilbake.

Anwar:

Han var meir seg sjølv utan piller.
Men eg forstod seinare
at det også var den Walid som var mest farleg.

TID

Anwar:

Kva har du gjort?

Walid:

Ikkje sei noko!

Anwar:

Men politiet er nede, dei kjem no.

Walid:

Ho fortente det!

Den kjerringa, ho fortente det!

Anwar:

Men kva gjorde du?

Walid:

Eg sparka postkassa hennar, eg ripa bilen hennar, eg knuste ruta hennar – ALT! Eg knuste alt!

Anwar:

Til kven da?

Walid:

Hege! Den hurpa!

Alt gjekk berre til helvete. Til helvete.

BROT 5

Walid og Anwar:

Den afghanske kulturen er ein vakker og fredeleg kultur.

Det kan komme som ei overrasking. For landet har vore i konstant krig i fleire år. Og no er Afghanistan styrt av Taliban.

Men historia om Afghanistan er om folket som bur der. Og folket bør bli kjent som verdsborgarar og ikkje som offer for eit urettferdig regime, krig og folkemord.

Eg håpar at vi ein dag kan fortelje dokker ei anna historie enn den dokker no ser. At mine barn ikkje skal trenge å lese denne boka, men heller ei bok som vil fortelje historia om dei som likeverdige menneske i denne verda.

For verda forandrar seg ikkje. Historiene held fram med å vere dei same. Strukturane vil ikkje endre seg. Ikkje eingong i draumane klarer vi å sjå føre oss ei annleis verd.

A:

Sei meg, korleis kan det ha seg at nokon har rett til å bestemme korleis mi framtid skal bli?

W:

Sei meg, korfor er det slik at nokon får lov til å skrive historia, og ikkje andre?

A:

Sei meg, korfor tek nokon menneske seg til rette og krev av verda noko andre ikkje kan?

W:

Sei meg, korfor er verda delt opp i dei som har rettar, og dei som ikkje har?

A og W:

Fortel meg,
for eg forstår det ikkje, eg forstår det berre ikkje.

TID

AVSLAG

Anwar:

Så var det historia om papira.
Hugsar dokker? Walid fekk sitt først.

Walid:

Skal eg lese for deg no?

Anwar:

Ikkje til meg.
Les til dei.

Walid:

Vedtak – du får innvilget søknaden din om beskyttelse

Utlendingsdirektoratet (UDI) innvilger søknaden din om beskyttelse (se utlendingsloven § 28 første ledd bokstav a).

Det betyr at

- du får beskyttelse i Norge
- at tillatelsen din varer i fem år og at du kan fornye den

Anwar:

Så dette er starten ...
Du får bli.

Walid:

Dei lèt meg ikkje bli no. Ikkje etter hærverket eg gjorde hos Hege.
Dei kjem til å seie til meg, som til dei andre gutane som har blitt borte, at eg berre skal flyttast til eit anna mottak – og vips, så sit eg på ein buss ut av landet.

Anwar:

Slutt å tulle.
Det kjem til å gå bra.

Walid:

Papir kan lyge.
Eg lovar deg – dei kjem til å sende meg ut herifrå!

Men du kjem ikkje til å gløyme meg, gjer du? Om eg plutseleg ein dag blir borte?

Anwar:

(på dari:) Kva meiner du?

Walid:

Eg har ingenting meir å tape.

Anwar:

Alle har noko å tape.

Kva snakkar du om?

Og i alle fall du! Du har jo fått opphald!

Walid:

Gløym det. Det er ikkje viktig.

TID

I ei tid då millionar var innesperra.

Det skjer lite, men i mine hender.

Eg vil jo meir enn kva dette livet inneber.

Ein by som var farleg med lyd, vanlegvis fylt med vandrande lik til alle tider.

Metropolis, den er blitt hol, einsame gater.

Men sei meg: Kven er blitt tom?

Eg vil tru

at tida gøymde oss bak fire veggjar.

Og fekk oss til å tenkje på ingen fleire enn dei vi kjenner.

Di verd behandlar meg som ein verkeleg alien.

Så kva ser eg då?

Kva fekk dei til å designe deira verd på denne måten?

Er dei sjølv nøgde med kva dei har bygd?

Etter år med tomheit, gatene og torga vil fylle seg opp.

Verda vi bygde, vil fade seg igjen, i bakgrunnen av livet vårt.

Dette er ikkje ein fase eg kunne gi opp.

Det var ein tilstand der eg ikkje kan snu tida fram eller tilbake. Og det gjer meg bitter, sår.

Mi pain og suffering fortset.

I sirklar som karusell.

Eg trudde eg kunne slå i hel tid.

Men tida slår meg i hel.

TID

Anwar:

Og så skjedde det.

Han hadde ikkje teke pillene, så Walid gjekk inn i ein psykose igjen.

Alt eg såg, var at han putta noko i sekken.

(Musikk på.)

Eigentleg kan eg overlate resten til avisene, radioen og tv-en frå no av.

Overskriftene om knivstikkinga var brutale.

Men det vil eg ikkje.

Eg vil ikkje bli med på å snakke om Walid på den måten som avisene gjorde.

Eg vil snakke om han som eit menneske som har fått for mykje motstand.

Som er blitt fråteken alt.

Eg vil ikkje late avisene definere kven Walid var.

Men det eg kan seie, er:

KOR: Det var siste gongen eg såg han.

Walid:

Og Anwar si historie?

Han stod med brevet i handa.

Avslaget.

Plutseleg var han ulovleg. Kroppen hans var ulovleg. Han har aldri gjort ei einaste kriminell handling – han var god som gull – det einaste ulovlege ved han var eksistensen hans.

Han fekk ikkje vere i Noreg.

Eg hadde vist han vegen ut av vindauget mange gongar før.

Om han valde å bli, kom dei til å sende han tilbake.

Han stod framfor vindauget, livredd for høgda.

Han pakka sekken.

Venta til natta kom.

Så opna han vindauget på vidt gap, klatra ut og ned på bakken slik som eg gjorde.

SISTE BROT

Anwar:

Farvel, Noreg.

(Anwar går. Så stoppar han og snur seg mot publikum.)

Anwar:

Eg ser han føre meg no.
Forfattaren av boka.
Her eg sit med andre flyktningar i Frankrike.
Ventar på natta og reisa over.
Eg sit i eit blått telt.
Han sit i ei stove.
Bak han ser eg:
Ei bokhylle – sortert etter fargar.
Ein TV – Samsung The Frame.
Eit lydanlegg – surround sound.
Eit barn på fanget hans – i kvite klede med bamsar på.
Ei kone med lyst hår og lang kjole, som gjekk bak han medan vi snakka.
Utsikt gjennom eit stort vindauge.
Det er sol.
Det er Noreg.
Han viser meg boka: «Sjå, ho har komme ut.»
«Så fin», seier eg.
Han snur kameraet innover mot stova og viser meg ei kasse full av bøker.
Eg likar bøker.

Walid: (voiceover)

Anwar lærte meg eit ordtak på farsi:
“آهن فقير شمشير تيز نمی سازد.”
Ahane faqir shamshera tez namesaza.
Som betyr: Dårleg metall kan ikkje bli eit skarpt sverd.
Du får ikkje kvalitet av dårlege råmateriale.
Så vi droppar å lage eit sverd.
Vi byrjar å smi ein penn.
Ein dag skal vi skrive vår eiga historie på nytt, og segle på våre eigne hav.

SLUTT